

Ei sann (Sand) historie

Mine oldeforeldre på Hustoft kjøpte garden der i 1881. Tollef var født i 1839 på Mæland i Ulladalen, flytta til Rød i Erfjord då foreldra kjøpte gard der i 1841. Oldemor, Inger på Hustoft f.1846 var frå Hamra i Erfjord. Dette skal handle om nokre av borna til Tollef og Inger (søskena til farmor, Martine) og ei søster til oldemor Hustoft. Ho heitte Marta Larsdotter Hamra f.1847.

I 1876 gifta Marta seg med Halvor Rørvig f.1842. Halvor var frå plassen Åshagen i Saudafjorden, (lurer på om det er same plass som Røyrvikhagjen). Han hadde slått seg opp som forretningsmann på strandstaden Sand. Halvor og Marta var dermed eit velstående ektepar, men dei hadde ikkje born. På Hustoft hos Inger og Tollef var det derimot mange ungar, til og med to som heitte Lars. Både morfaren og farfaren heitte Lars og begge måtte oppkallast.

Noko upraktisk var det sikkert med to Larsar i syskenflokk, og mange born hadde dei på Hustoft.

Det blei då slik at den eldste av Larsane flytta til onkelen og tanta på Sand og blei på ein måte deira fosterson. Dermed blei dei seinare kalla «Sands-Lars» og «litle-Lars»..



Sands-Lars



Litle-Lars

Litle Lars reiste til Amerika i 1903 der han blei verande til han døydde som ungkar i Seattle i 1939. Sands-Lars blei verande på Sand. Meir om han seinare.

Halvor og Marta

Halvor Rørvig døydde i 1887, og Marta blei sitjande att som rik enkje. Det var visstnok mange interesserte friarar, men som ny ektemann valde ho ein av dei tilsette, nemleg den 19 år yngre bakaren, Gunder Mikkelsen f.1866. Marta og Gunder giftte seg i 1890, då var dei 43 og 24 år gamle.

Omtrent på denne tida eller kanskje litt før var Lene Hustoft f.1872, altså ei eldre søster til Sands-Lars og komen til Sand. Ho var syerske og hadde etter kvart eigen syforretning i lokala til tanta Marta og onkel Gunder.

Gunder Mikkelsen slo seg gjennom giftarmålet med den rike enkja og vidare investeringar seg opp som stor mann på Sand. Han var bl.a. mange år styreleiar i Sandsbanken, sat i mange år i direksjonen i DSD, og dreiv skipsekspedisjon på Sand.

Kona, Marta vart etter kvart gammal. Niesa hennar Lene Hustoft var seks år yngre enn Gunder, og ho var sikkert ei meir passende dame. Det var visstnok noko alle visste at Gunder Mikkelsen hadde Lene på si i tillegg til gamlekona Marta.

Straks etter at Marta døydde i 1920, gifta enkjemannen Gunder seg med Lene Hustoft. Sjølv om dei nok hadde hatt eit forhold i mange år så blei ekteskapet kort. I 1924 døde Gunder Mikkelsen. No var det Lene som sat igjen som rik enkja.



Halvor Bjørnsen Rørvig 1842-87 og Marta K. Larsdtr. Hamra 1847-1920 Gift 1876. Halvor var velstående handelsmann på Sand, men døydde i 1887, etter ca 11 års ekteskap med Marta, som var søster til oldemor Inger på Hustoft.



Bakar hjå Halvor og Marta, Gunder Mikkelsen (1866-1924) Etter å ha blitt enkje gifta Marta seg på nytt med bakaren sin, den 19 år yngre Gunder Mikkelsen i 1890. dei var då 24 og 43 år. Gunder slår seg såleis opp som stor mann på Sand.



Gunder Mikkelsen og Marta Hamra. Noko før 1900 kom Lene Hustoft 1872-1934 til Sand. Ho var søster til farmor Martine, og dermed niesa til Gunder og Marta. At Gunder hadde Lene på si var visst noko alle visste. Gamlekona til Gunder døydde i 1920.



Straks etter at Gunder var blitt enkjemann gifta han seg med Lene Hustoft. Ho hadde eigen sybutikk i lokala til Gunder. Bror hennas, Lars blei og handelsmann på Sand i Gunder sine lokaler frå 1905. Men etter snaue fire års ekteskap døydde Gunder i 1924. Lene blei då ei rik enkje. Ho døydde i 1934. Desse bilete kjem frå albumet hennas

Sands-Lars. Eller handelsmannen i Torvgården, L. Hustoft.

I folketeljinga for 1900 er Lars Hustoft oppført som fosterson og handelsbetjent hos Gunder og Marta Mikkelsen. Forresten, broren Gudmund f.1886 er og på Sand som bakarlærling då. Han reiste seinare til Amerika, og kom aldri tilbake til Norge.

Hr. sorenskriveren i Ryfylke,
Stavanger.
Undertegnede Lars Tollefsen Hustoft an-
melder, at jeg under firma
L. Hustoft
agter at drive handel paa strandstedet Sand
i Sands herred, hvor jeg ogsaa har min bopæl.
Sand i Ryfylke, 5te september 1905.
Ærbødigst
L. Hustoft.
Registreret idag.
Ryfylke sorenskriveri, 25/9 1905.
John Nielsen,
edsv.
(1,35)



«Torvgården». Heilt til venstre i bildet mot gata hadde Lars Hustoft handel. Bildet er teke i slutten av 1930-åra, etter at Sand Handelslag hadde overteke. Lars budde i andre etasje.

I det store sjøhuset som i grunnen var fleire hus som hang i hop og hadde namnet, «Torvgården» leigde Gunder og Marta ut lokale til ein handelsmann Mjåland. I 1905 blei avtalen sagt opp, Mjåland kasta ut, og Lars Hustoft etablerte seg som handelsmann i lokala.

Lars dreiv handel i «Torvgården» til han døydde i 1929. Brita Helmertsdotter Tengesdal (1862-1947) tente hos han i alle år.

Frå 1924 var det altså syskena Lene og Lars Hustoft som styrte imperiet etter Gunder Mikkelsen på Sand. Lars døde berre 49 år gamal, og fem år etter døde Lene ca 62 år.

Dei siste åra leigde Lars lokala av søstera Lene. Etter at han gjekk bort overtok Sand Handelslag handelstaden hans, og dreiv vidare i same lokala.

I 1933 fekk Sand Handelslag skjøte på heile «Torvgården», som laget kjøpte av Lene Mikkelsen. Dei fornya lokala på 1950-talet, og for ca ti år si i 2006 blei det bygt nytt forretningsbygg med leiligheter oppe. Den gongen blei det kjøpt tilleggareal (butikken til Hiim), men sjølve butikken er temmeleg på same plassen som Lars Hustoft dreiv handel frå 1905 til 1929.

Lene Mikkelsen f. Hustoft

Lene døydde i 1934. Ein del av eigedomane hadde ho solgt før, men bustadhuset med forretningslokale i kjellaren blei solgt til John og Ordin Hiim ved skifte etter Lene i 1935. Dette huset står enno. Dagens eigarar er Hallvard og Edel Irene Hiim. Det i alle fall eg huskar best er frukt og snopebutikken som Ola Hatløy hadde i kjellarlokala fram til 1973, seinare har det vore bl.a. blomsterforretning der.

Arvingane etter Halvor Rørvig, første mannen til Marta Hamra, kravde skifte i buet etter Gunder Mikkelsen i 1924. Ved forlik fekk «Rørvikarvingane» kr 50.000,- på deling. Tydeligvis eit velstående bu. Etter som far fortalde så arva farmor og dei gjenlevande syskena ein del verdiar etter Lene og Lars.



Sand midt i 1920-åra med butikken til Lars Hustoft med hjørneinngang midt i bildet. Til venstre over gata er huset til Lene og Gunder.



Omtrent midt i bildet ser ein deler av huset til Lene og Gunder på oppsida av gata, og «Torvgården» med butikkar og sjøhus på sjøside.



Sand ca 1900. Ein ser huset og Torvgården som seinare blei handelslag heilt til høgre i bildet.



Frå Kronprinsbesøket på Sand i 1936. Portalen står mellom huset til Lene og butikken som Sand Handelslag overtok etter L. Hustoft.

Ei vandrehistorie frå farfar sitt besøk hos Gunder og Marta i 1907.

Gunder og Marta hadde ei fosterdotter og, Marta Marie Rørvig f.1886 som truleg var i slekt med første mannen til Marta.

Farfar hadde nyleg blitt enkjemann etter at fyrste kona Marta Ropeid døydde. Fylgjande må dermed ha skjedd hausten 1907, kanskje i samband med haustmarknaden i byn.

I samband med ei reise så skulle farfar overnatte på Sand hjå Gunder og Marta. Då han ankom hadde dei diska opp med flott måltid, og det var oppreidd dobbelseng til han, der skulle han og fosterdottera til Gunder og Marta liggja.

Gunder og Marta meinte at det var på tide at denne dottera fann seg mann og gifta seg.

Lars O. Skipevåg var ein aktuell kandidat.

Farfar hadde allereie i all forsiktighet innleia eit forhold til nieså til Marta, Martine Hustoft. Dette var så nytt at han ikkje ville nemna det til Sandsfolka. Han hadde dermed ikkje noko forklaring på kvifor han ikkje ville leggja seg i dobbelseng med denne jenta.

Dette var visst heilt uforståeleg for Gunder Mikkelsen.

Kjelder: Opplysningane er innhenta frå kyrkjebøker, folketeljingar, Digitalt museum osv. Men særst nyttig har boka «Sand III» av Ernst Berge Drange vore. LBOS2016